

Møteinnkalling

Utval:	Fellesnemnda
Møtestad:	Fylkeshuset, Leikanger
Dato:	08.03.2018
Tid:	09:15

Program:

08:30 – 09:15	Kaffi og enkel servering ved frammøte.
09:15 – 12:15	Politisk organisering i Vestland fylkeskommune – innleiingar og arbeidsverkstad:
09:15 – 09:45	Sams vegadministrasjon – status i høve Stortinget sitt anmodingsvedtak 08.06.17. Helge Eidsnes, regiondirektør for Statens vegvesen, Region vest innleier.
09:45 – 10:15	Skråblikk på regionreforma og samfunnsutviklingsrolla. Advokat Pål Lorentzen innleier.
10:15 – 11:00	Politisk organisering – ulike modellar og arbeidsformer som kan veljast innanfor rammene som ligg føre i intensjonsplanen. Professor Harald Baldersheim, Institutt for statsvitskap, UiO innleier.
11:00 – 12:15	Arbeidsverkstad/gruppearbeid med oppsummering av innspel i plenum.
12:15 – 13:00	Lunsj.
13:00 – 13:30	Sogn og Fjordane og Hordaland idrettskrinsar – innspel til politisk og administrativ organisering. Organisasjonssjef Anne Leversund og styreleiar Helge Johnsen innleier.
13:30 – 14:30	Sakshandsaming jf. sakliste.
14:30 – 15:00	Pause med kaffi- og fruktservering.
15:00 – 16:00	Sakshandsaming jf. sakliste.
16:00 – 16:30	Open debatt.

Til dette møtet har Kari Sørensen Bernardini (A), Mari Klokkerstuen Kjellesvik (A), Mona Røsvik Strømme (H), Benthe Bondhus (SP) meldt forfall – Synnøve Solbakken (A), Kjell Håland (A), Stein Inge Ryssdal (H) er kalla inn

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på www.hordaland.no/forfall eller sende melding til folkevalde@hfk.no.

Innkallinga gjeld valde medlemer i Fellesnemnda. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.



Anne Gine Hestetun
utvalsleiar

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 1/18	Godkjenning møteinnkalling og sakliste		
PS 2/18	Godkjenning av møtebok fellesnemnda 18.12.17		
RS 1/18	Oppfølging av arbeidet med omstillingsavtale	2015/1434	
RS 2/18	Vestland fylkeskommune 2020 - oversyn over administrative delprosjekt	2015/1434	
RS 3/18	"Husreglar" for samanslåingsprosessen	2015/1434	
RS 4/18	Namnet til den nye fylkeskommunen - status og vidare prosess	2015/1434	
RS 5/18	Fylkesutvalet i Hordaland, 21.02.18 - oversendingsforslag om verdiane i Sogn og Fjordane Energiverk (SFE)	2015/1434	
RS 6/18	Nytt fylkesvåpen - status og vidare prosess	2015/1434	
RS 7/18	Tilsetjing av prosjektleiar/ny fylkesrådmann - status	2015/1434	
PS 3/18	Uttale om fylkeskommunane sine budsjett og økonomiplanar 2018	2015/1434	
PS 4/18	Eingongskostnader for samanslåingsprosessen - budsjett	2015/1434	
PS 5/18	Kommunikasjonsplan for samanslåingsprosessen	2015/1434	
PS 6/18	Tannhelsetenesta - administrativ organisering og leiing	2015/1434	
PS 7/18	Referatsaker (skriv og meldingar)		

PS 1/18 Godkjenning møteinnkalling og sakliste

PS 2/18 Godkjenning av møtebok fellesnemnda 18.12.17

Notat

Dato: 27.02.2018
Arkivsak: 2015/1434-582
Saksbehandlar: johmeyer

Til: Fellesnemnda

Frå: Fylkesrådmennene

Arbeidet med omstillingsavtale

Eit utkast til omstillingsavtale i samband med samanslåing av fylkeskommunane vart presentert for partssamansett utval i møte 15. februar i år.

Utvalet gjorde følgjande vedtak:

1. *Partsamansett utval tek utkast til omstillingsavtale til etterretning.*
2. *Med grunnlag i utkast til omstillingsavtale ber partssamansett utval om at fylkesrådmennene går i drøftingar med hovudsamanslutningane i kvar fylkeskommune med sikte på å få i stand ein omforent omstillingsavtale.*

Fylkesrådmennene er i dialog med hovudsamanslutningane om korleis ein praktisk kan gjennomføre forhandlingane med sikte på å få i stand ein omforent omstillingsavtale.

Hovudsamanslutningane vil syte for at det formelle representasjonsgrunnlaget for at ein hovudtillitsvald kan representere alle organisasjonane under same hovudsamanslutning er avklart innan ein går inn i forhandlingar om omstillingsavtalen.

Det partssamansette utvalet vil bli kalla inn til nytt møte før 4 mai, slik at innstilling frå dette utvalet kan vere klar til behandling allereie i fellesnemnda sitt møte 4. mai i år.

Notat

Dato: 01.03.2018
Arkivsak: 2015/1434-593
Saksbehandlar: thoare


Til: Fellesnemnda

Frå: Fylkesrådmennene

Vestland fylkeskommune 2020 - oversyn over administrative delprosjekt

Prosjektorganisering

Samanslåinga av Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar vert leia av fellesnemnda, og fylkesrådmennene ønskjer med dette notatet og syne status i det administrative samanslåingsarbeidet som starta opp etter fellesnemnda sitt møte den 18.12.17. Arbeidet vert gjennomført innanfor følgjande prosjektstruktur:



Fylkesrådmennene nyttar ressursar i dei to lineorganisasjonane i gjennomføringa av utgreiingar og annan planleggingsaktivitet. Det vert no også utarbeidd ein administrativ arbeidsplan for heile det konkrete oppfølgingsarbeidet (detaljert plan for delprosjektgruppene sine arbeidsoppdrag m.m.). Delprosjekta er sorterte i 17 delprosjektområde (DPO), og førebels er det utarbeidd mandat/oppdrag for 56 delprosjekt.

Målsetjing

Målsetjinga med prosjekt «Vestland fylkeskommune 2020» er å setje den nye fylkeskommunen i stand til å utføre sine oppgåver frå 01.01.2020. I dette ligg følgjande hovudelement:

- Identifisere ansvarsområde og arbeidsoppgåver som krev særleg samordning fram til 01.01.2020 for å kunne utførast på ein tilfredsstillande måte frå dag 1.
- Oppgåver som krev overordna avklaringar politisk og administrativt før 01.01.2020 har prioritet.
- Vedtekne planar og strategiar i dagens to fylkeskommunar inneheld gjerne sentrale målsetjingar som må harmoniserast. Det er difor naturleg å ta desse med inn i delprosjekta/arbeidsgruppene.
- Mandata/oppdraga til dei enkelte delprosjekta/arbeidsgruppene kan justerast undervegs, m.a. i samband med Stortinget si oppfølging av ekspertutvalet sine framlegg.
- Fram til 01.01.2020 har dei to fylkeskommunane på vanleg måte ansvar for dagleg drift og for alle oppgåver som ligg til den enkelte fylkeskommune. Desse oppgåvene må handterast gjennom ordinære prosessar i fylkeskommunane.

Mandat for delprosjekta

Delprosjekta skal tene to hovudføremål. For det første er føremålet å kartleggje kva som er status i dag innanfor fylkeskommunane sine ansvarsområde. Kartlegginga av no-situasjonen inneber at vi innanfor samtlege fagområde skildrar korleis oppgåva/aktiviteten vert utført i dag i Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar. Aktuelle tema som det her vert sett fokus på handlar om kartlegging av arbeidsmåtar, rutinar, prosedyrar, fullmakter, organisering, leiing, personell/kompetanse samt bruk av digitale verktøy.

Etter at det innanfor kvart delprosjekt er gjort ei detaljert kartlegging av no-situasjonen, skal delprosjekta føreslå modellar for best mogleg felles oppgåveløysing av fylkeskommunen sine framtidige oppgåver. Her vil det også bli lagt fram kva prosessar som må gjennomførast for optimal innføring/implementering av den nye felles organiseringa og oppgåveløysinga slik at vi er klare for iverksetting frå 01.01.2020.

Ved å gjere framlegg om korleis vi løyser oppgåvene felles frå 01.01.2020 (2020-situasjonen), vil det vere tenleg at delprosjekta skildrar framtidige arbeidsmåtar (t.d. rutinar, prosedyrar, fullmakter), leiing, organisering, personell og kompetanse, lokalisering samt digitale verktøy. Fylkesrådmennene legg her særleg vekt på at delprosjekta også skal synleggjere kva for samanslåingsvinstar vi kan oppnå og kva for ev. omstillingskostnader vi får gjennom etablering av felles oppgåveløysing/organisering.

Delprosjektområde (DPO) og delprosjekt

Delprosjekta er sorterte i 17 delprosjektområde (DPO), og på dei neste sidene syner vi eit oversyn over den samla prosjektporteføljen. Dei tillitsvalde vert trekte inn i delprosjektarbeid der dette er særleg relevant og nyttig.

DPO 1: Vidaregåande opplæring

- 1.0 Opplæringssektoren i den nye fylkeskommunen (overordna delprosjekt)
- 1.1 Rettleiingstenester (PPT, OT, karriere, oppfølging m.m.)
- 1.2 Opplæring i skule
- 1.3 Opplæring i bedrift
- 1.4 Budsjett og økonomiplan for sektoren
- 1.5 Tilbudsstruktur (inkl. inntak og vaksne)
- 1.6 Personalforvaltning og sektorspesifikt reglement
- 1.7 Digitalisering, sluttvurdering, dokumentasjon og IKT
- 1.8 Fagskuleutdanning
- 1.9 Organisering av sektor og avdeling
- 1.10 Regional kompetanse
- 1.11 Samhandling

DPO 2: Regional utvikling/næring

- 2.1 Regional samfunnsutvikling (forprosjekt)
- 2.2 Næringsoppgåver
- 2.3 Regional og kommunal planlegging

DPO 3: Kultur og idrett

- 3.1 Kartlegging av kultur og idrettsfeltet
- 3.2 Kultur og idrett - organisering

DPO 4: Tannhelse

- 4.1 Faglege rutinar i tannhelsetenesta
- 4.2 IKT-løysingar innanfor tannhelsetenesta
- 4.3 Løns- og arbeidsvilkår for tilsette i tannhelsetenesta
- 4.4 Organisering av tannhelsetenesta
- 4.5 Økonomi/rekneskap for tannhelsetenesta

DPO 5: Samferdsle

- 5.1 Organisering av samferdslesektoren
- 5.2 Myndigheitsarbeid og partskontakt (påverknadsarbeid) innan samferdsle
- 5.3 Vegadministrasjon
- 5.4 Kollektivtrafikk

DPO 6: Økonomi, budsjett og rekneskap

- 6.0 Overordna delprosjekt for økonomifeltet
- 6.1 Kartlegging av økonomiområdet
- 6.2 Budsjettprosess og fullmaksstruktur
- 6.3 Finans- og konsesjonsforvaltning
- 6.4 Rekneskap

DPO 7: Bygg og eidegom

- 7.1 Samla kartlegging av bygg og eidegomsmasse

DPO 8: Organisasjonsutvikling

- 8.1 Overordna administrativ organisering – utforming og implementering *
- 8.2 Organisasjonsutviklingsarbeidet i Vestland fylkeskommune frå 2020 *

DPO 9: Kommunikasjon

- 9.1 Kommunikasjon – ekstern og intern kommunikasjonsaktivitet

DPO 10: Dokument og arkiv

- 10.1 Dokument og arkiv (med følgjande underprosjekt):
 - a) Sak- og arkivsystem
 - b) Organisering av dokumentforvaltninga
 - c) Retningsliner, planar og rutinar
 - d) Kartegging av aktive arkiv og fagsystem

DPO 11: HR, personal og løn

- 11.1 Felles arbeidsgjevarstrategi
- 11.2 Felles rutinar, prosedyrar og reglement for HR-området
- 11.3 Felles lønspolitikk
- 11.4 Felles løns- og personalsystem
- 11.5 Helse, miljø og tryggleik
- 11.6 Ordning for bedriftshelseteneste

DPO 12: Innkjøp

- 12.1 Organisering og arbeidsprosessar
- 12.2 IKT og innkjøpssystem
- 12.3 Leverandørar og avtalar
- 12.4 Innkjøpssamarbeid med eksterne partar

DPO 13: IKT-system og utvikling

- 13.1 Forprosjekt for samla kartleggings- og utviklingsarbeid

DPO 14: Politisk sekretariat

- 14.1 Organisering og arbeidsmåtar (rutinar, prosedyrar, samhandling) *

DPO 15: Juridiske tenester

- 15.1 Organisatorisk tilknytning (delprosjekt i 2018) *
- 15.2 Rammeavtale for kjøp av juridiske tenester (delprosjekt i 2019) *
- 15.3 Delegerings- og innstillingsreglement (delprosjekt 2019 og tidleg i 2020) *
- 15.4 Reglement for dei politiske utvala (delprosjekt 2019 og tidleg i 2020) *

DPO 16: Eigarskap

- 16.1 Konsekvensar av fylkessamanslåinga for aksjeselskapa *
- 16.2 Konsekvensar av fylkessamanslåinga for dei interkommunale selskapa *
- 16.3 Konsekvensar av fylkessamanslåinga for dei interkommunale samarbeida *
- 16.4 Konsekvensar av fylkessamanslåinga for stiftingane *

DPO 17: Beredskap

- 17.1 Beredskap og beredskapsplanlegging *

* Merk: Delprosjekt som er under utforming (mandat/oppdragsskjema er under utvikling).

Mandat/oppdragsskjema

Fylkesrådmennene har utarbeidd følgjande mal for utforming av delprosjekta sine mandat/oppdrag:

DELPROSJEKT/UTGREIINGSARBEID	
1.	Delprosjektområde (DPO) og DPO-ansvarleg
	Delprosjektområde/sektor og namn på DPO-ansvarleg.
2.	Namn og kort omtale av delprosjektet
	Namn og kort omtale av delprosjektet.
3.	Delprosjektleder
	Namn på delprosjektleder.
4.	Oppdrag
	Føremålet med delprosjektet er å klarleggje kva som er status i dag og deretter føreslå løysing(ar) ev. innføring/implementering, slik at vi er klare for iverksetting frå 01.01.2020. Delprosjektet skal difor greie ut følgjande <u>to hovudelement</u> : a) No-situasjonen: Kort skildring av korleis oppgåva/aktiviteten vert utført i dag i HFK og SFFK. Aktuelle tema i utgreiinga er arbeidsmåtar (t.d. rutinar, prosedyrar, fullmakter), organisering, leiing, personell og kompetanse samt digitale verktøy. b) 2020-situasjonen: Forslag til korleis oppgåvene/aktiviteten kan løysast i den nye fylkeskommunen frå 2020. Aktuelle tema i forslaget(a) kan vere å skildre framtidig oppgåveløysing med vekt på t.d. arbeidsmåtar (t.d. rutinar, prosedyrar, fullmakter), leiing, organisering, personell og kompetanse, lokalisering samt digitale verktøy. Få også fram kva for samanslåingsvinstar vi kan oppnå og kva for ev. omstillingskostnader vi får gjennom felles oppgåveløysing/organisering.
5.	Grenseflate mot andre delprosjekt
	Kort omtale av samanhengen mellom delprosjektet og ev. andre delprosjekt/utgreingar.
6.	Delprosjektgruppe (deltakarar/ressurspersonar)
	1. Namn, avdeling/tenesteeining, fylkeskommune. 2. Namn, avdeling/tenesteeining, fylkeskommune. 3. Namn, tillitsvaldrepresentant (i prosjekt der dette er avtala). 4. Namn, sekretær/rapportansvarleg (ev. ekstern ressurs).
7.	Aktivitets-/framdriftsplan
	Skjematisk framstilling av tidslinje, milepelar, rapporterings-/ avgjerdspunkt (bruk gjerne Gantt-skjema).
8.	Informasjon og interessentanalyse
	Kort omtale av informasjonsbehov inn mot ulike interessentar og korleis dette kan gjennomførast.
9.	Ressursbehov ut over eigen organisasjon (eksterne ressursar/fagkompetanse)
	Kort omtale av ev. behov for eksterne ressursar/ekstern fagkompetanse.
10.	Leveringsfrist
	Tidspunkt for når sluttrapport vert levert fylkesrådmennene/prosjektadministrasjonen.

Notat

Dato: 27.02.2018
Arkivsak: 2015/1434-588
Saksbehandlar: thoare

Til: Fellesnemnda

Frå: Fylkesrådmennene

"Husreglar" for samanslåingsprosessen

Fylkesrådmennene har i fellesskap utarbeidd vedlagte «husreglar» for samanslåingsprosessen. Desse «husreglane» gir uttrykk for verdiar og samarbeidsmåtar for å skape gode og konstruktive relasjonar mellom tilsette i dei to fylkesadministrasjonane som er direkte involvert i samanslåingsarbeidet.

Dette vil også vere verdiar og samarbeidsmåtar som kan leggest til grunn for det politiske arbeidet i fellesnemnda og andre organ i samanslåingsprosessen.

Fylkesrådmennene vi sørge for at desse «husreglane» vert godt kommunisert i fylkesadministrasjonane og løfta fram som eit gjennomgåande tema på møter, felles samlingar osv.

Vedlegg: Husreglar

HUSREGLAR

- **Vi blir betre saman enn kvar for oss.**
Vi er alle likeverdige partar og møter kvarandre med respekt.
- **Vi finn dei beste løysingane i lag.**
Vi har takhøgde og integritet i prosessane og er lojale til avgjerdene.
- **Vi lyttar og deler med kvarandre.**
Slik skal vi nytte den einskilde sin verdifulle kompetanse, innsikt og erfaring.
- **Vi er offensive, vågar og tillèt feil.**
Slik skal vi skape noko nytt og utvikle oss saman.
- **Vi snakkar med – ikkje om.**
Slik sikrar vi dialog som er ærleg, direkte, open og vennleg.



Notat

Dato: 28.02.2018
Arkivsak: 2015/1434-591
Saksbehandlar: thoare

Til: Fellesnemnda

Frå: Fylkesrådmennene

Namnet til den nye fylkeskommunen - status og vidare prosess

På møte i fylkesutvalet i Hordaland, 01.02.18 og fylkesutvalet i Sogn og Fjordane, 12.02.18, vart det gjort likelydane vedtak om endringar i forslaget til namn på den nye fylkeskommunen, jfr vedlagte brev til Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 12.02.18.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet tek sikte på å fremje lovproposisjonen om nye fylkesnamn, slik at Stortinget kan handsame lovforslaget i løpet av vårsesjonen 2018.

Vedlegg:

«Samanslåing av fylkeskommunane Sogn og Fjordane og Hordaland - vedtak om endring i namnet på den nye fylkeskommunen», brev til Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 12.02.18

Kommunal- og moderniseringsdepartementet
v/statsråd Monica Mæland
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Dato: 12.02.2018
Vår ref.: 2015/1434-579
Saksbehandlar: thoare
Dykkar ref.:

Samanslåing av fylkeskommunane Sogn og Fjordane og Hordaland - vedtak om endring i namnet på den nye fylkeskommunen

Vi viser til møte med statsråd Monica Mæland, 19.januar 2018, der fylkestinga sine vedtak, 27.oktober 2017, om forslag til namn på den nye fylkeskommunen vart drøfta. I etterkant av dette møtet har fylkesutvala i dei respektive fylkeskommunane gjort vedtak om endring i namnet på den nye fylkeskommunen.

Fylkesutvalet i Hordaland, 1.februar 2018:

«Fylkesutvalet tilrår at namnet til det nye samanslåtte fylket Hordaland/Sogn og Fjordane vert «Vestland».

Vedtaket vart gjort mot to røyster.

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane, 12.februar 2018:

«Fylkesutvalet tilrår at namnet til det nye samanslåtte fylket Hordaland og Sogn og Fjordane vert «Vestland».

Vedtaket var samrøystes.

Med grunnlag i departementet sin framdriftsplan for innstilling om nytt fylkesnamn til Stortinget, er det ikkje lagt opp til vidare handsaming i dei respektive fylkesting. Fylkesordførarane viser elles til fylkestinga sine vedtak, 27.oktober 2017, om forslag til nytt fylkesnamn.

Vi ser fram til ei snarleg avklaring av namnet på den nye fylkeskommunen, og ber departementet ta kontakt med undertekna for eventuelle spørsmål og ytterlegare informasjon.

Anne Gine Hestetun
fylkesordførar

Jenny Følling
fylkesordførar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Notat

Dato: 27.02.2018
Arkivsak: 2015/1434-587
Saksbehandlar: thoare

Til: Fellesnemnda

Frå: Fylkesrådmennene

Fylkesutvalet i Hordaland, 21.02.18 - oversendingsforslag om verdiane i Sogn og Fjordane Energiverk (SFE)

På møte i fylkesutvalet i Hordaland, 21.02.18, sette representanten Pål Kårbø (Krf) fram følgjande oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

*«Eg syner til ulike mediaoppslag og pressemelding frå Sogn og Fjordane fylkeskommune datert 12. februar 2018, der Sogn og Fjordane fylkeskommune vil sikre at verdiane i SFE (Sogn og Fjordane Energiverk) vert verande i dagens Sogn og Fjordane.
Eg ber rådmannen om ei vurdering av korleis eit slikt vedtak, og ein slik intensjon er i høve til intensjonsplanen kap. 7, samt Inndelingslova. Er dette ei sak som må handsamast i Fellesnemnda, kfr. at fellesnemnda skal laga vedtekter for fondet?»*

Kårbø sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

Notat

Dato: 01.03.2018
Arkivsak: 2015/1434-595
Saksbehandlar: thoare

Til: Fellesnemnda

Frå: Fylkesrådmennene

Nytt fylkesvåpen - status og vidare prosess

Tidlegare handsaming og vedtak

På møte i fellesnemnda, 18.12.17, vart det handsama sak om *Fylkesvåpen – utforming og fastsetjing, der det vart gjort følgjande vedtak:*

1. «Fellesnemnda gjev arbeidsutvalet (FN-AU) mandat til å arbeide vidare med forslag til fylkesvåpen for den nye fylkeskommunen i samarbeid med fylkesrådmennene/prosjektleiær.
2. Arbeidsutvalet legg fram forslag til vedtak av nytt fylkesvåpen i fellesnemnda 3. kvartal 2018.»

Arbeidsutvalet til fellesnemnda handsama i møte 29.januar 2018 sak om *Fylkesvåpen for den nye fylkeskommunen – prosess og framdrift* og gjorde følgjande vedtak:

«Arbeidsutvalet ber fylkesrådmennene starte opp prosessen knytt til utforming og val av nytt fylkesvåpen, slik dette vert skissert i saksframlegget.»

Prosjektorganisering

I saksframlegget i arbeidsutvalet til fellesnemnda, 29.januar 2018, er det lagt opp til følgjande prosjektorganisering av arbeidet med nytt fylkesvåpen:

Prosjekteigar	Fellesnemnda
Prosjektstyringsgruppe	Arbeidsutvalet til Fellesnemnda (FN-AU)
Prosjektleiing	Fylkesrådmennene/prosjektleiing
Prosjektgruppe	Representantar frå dei to fylkesrådmennene
Fagkomité/jury	Ein fagkomite/jury med kompetanse innan kunst, historie, heraldikk og kommunikasjon vurderer og tilrår val av alternativ. Samansetjing av denne fagkomiteen vert lagt fram som eiga sak for FN-AU innan 2. kvartal 2018.

Det er vidare sett opp følgjande aktivitets- og framdriftsplan for arbeidet:

Etablering av prosjektgruppe	Februar 2018/ ligg føre
Symboltilfang Prosjektgruppa vurderer historiske motiv, samtidsmotiv, landskapstema som sameinande symbol for forslag til motiv i open innspelsprosess.	februar – mars 2018
Open innspelsprosess Brei prosess, der alle innbyggjarane vert invitert til å gje innspel til våpenmotiv (i samarbeid med regionalt dekkande media, som NRK Vestlandsrevyen, Bergens Tidende m.m.).	april - mai 2018
Designkonkurransen Innspel til motiv som kjem inn i den opne prosessen vert vidareførte til inspirasjon i ein designkonkurransen. Forutan utforming av motiv må farge og metall veljast. Designbyråa tek ansvar for at heraldisk kompetanse vert nytta.	mai – august 2018
Innstilling og vedtak Fagkomiteen/juryen si tilråding blir lagt fram for styringsgruppa (FN-AU) som tilrår vidare til fellesnemnda. Fellesnemnda si tilråding vert lagt fram for fylkestinga for endeleg vedtak og fastsetjing av fylkesvåpen for den nye fylkeskommunen.	august – oktober 2018

Fylkesrådmennene har bedt om at kulturavdelingane i dei to fylkeskommunane i fellesskap startar opp arbeidet med utforming av nytt fylkesvåpen. Det er sett saman følgjande prosjektgruppe:

Arlen Synnøve Bidne	Sogn og Fjordane fylkeskommune
Ole Vegard Skauge (koordinator)	Hordaland fylkeskommune
Ingvild Ramstad	Sogn og Fjordane fylkeskommune
Gro Sivertsen	Hordaland fylkeskommune

Arbeidet med samansetting av fagkomité/jury er starta opp. Det vert lagt opp til administrativ representasjon frå begge fylka, i tillegg til den eksterne kompetansen. Framlegg til fagkomité/jury vert lagt fram for FN-AU i møte 24.april 2018, saman med ein oppdatert framdriftsplan.

Notat

Dato: 28.02.2018
Arkivsak: 2015/1434-592
Saksbehandlar: thoare

Til:	Fellesnemnda
Frå:	Anne Gine Hestetun, fylkesordførar og leiar i tilsetjingsutvalet

Tilsetjing av prosjektleiar/ny fylkesrådmann - status

På møte i tilsetjingsutvalet, 29.januar 2018, vart det gjort følgjande vedtak:

- 1. Fylkesordførarane fastset eit opplegg for samtalar med fylkesrådmennene, slik dette er skildra i saksframlegget, og gjennomfører desse samtalaner så snart som mogleg.*
- 2. Stillinga som prosjektleiar/fylkesrådmann for den nye fylkeskommunen vert lyst ut eksternt.*
- 3. Tilsetjingsutvalet ber leiaren syte for at det vert gjort avtale med rekrutteringsbyrå for bistand i den vidare prosessen med utlysing og tilsetjing av prosjektleiar/fylkesrådmann. Dersom dette ikkje forsinkar tilsetjingsprosessen av prosjektleiar/fylkesrådmann, bør eit slikt innkjøp og avtale med rekrutteringsbyrå også omfatte bistand til seinare tilsetjing av andre administrative toppleiarar i den nye fylkeskommunen.*

I samsvar med pkt 2 og 3 i vedtaket er det gjennomført forenkla konkurranse om anskaffing av eksternt bistand gjennom rekrutteringsbyrå i prosessen kring tilsetjing av prosjektleiar/ny fylkesrådmann. HR-seksjonen i Hordaland fylkeskommune har gjeve bistand til leiar for tilsetjingsutvalet i samband med denne anskaffinga.

Firmaet Visindi vart tildelt oppdraget og kontrakt inngått 16. februar i år. Visindi er no i ferd med å klargjere utlysing av stillinga både gjennom kanalar på internett og gjennom særskilt avisannonsering fredag 16. mars.

Samstundes vert det arbeidd med kartlegging og vurdering av kandidatar. I høve til den opphævelege tentative planen skissert i saka på møtet i tilsetjingsutvalet, 29.januar 2018, er søknadsfristen for stillinga sett til 12. april 2018 for å ha tilstrekkeleg tid til kartleggingsarbeidet.

Tilsetjingsutvalet vil gjennomføre intervju av kandidatar fram mot møte i tilsetjingsutvalet 24.april, der det vil bli lagt opp til å vedta innstilling til den utlyste stillinga som prosjektleiar/ny fylkesrådmann. Innstillinga frå tilsetjingsutvalet går vidare til fellesnemnda for avgjerd 4. mai 2018.

Saksframlegg

Saksbehandlar: Eli Nes Killingrød, FRM-stab, Sogn og Fjordane
Saksbehandlar: Namn, avdeling, fylke
Sak nr.: 2015/1434-589

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fellesnemnda	3/18	08.03.2018

Uttale om fylkeskommunane sine budsjett og økonomiplanar 2018

Fylkesrådmennene rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:

Fellesnemnda konstaterer at:

- Vedtekne «Budsjett 2018/økonomiplan 2018-21» for høvesvis Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune er begge i tråd med god økonomiforvaltning.
- Begge planane har i seg økonomiske element som vil utfordre driftsøkonomien i seinare planperiodar. Desse utfordringane vil fellesnemnda ha fokus på i arbeidet med budsjettet for 2020 og tilhøyrande økonomiplan.

Vedlegg:

- [Hordaland fylkeskommune – Budsjett 2018/økonomiplan 2018-2021.](#)
- [Sogn og Fjordane fylkeskommune - Budsjett 2018/økonomiplan 2018-2021.](#)
- [KS sitt innlegg i fylkesøkonomisjefkollegiet 11.05.2017](#)

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

I inndelingslova § 26 heiter det:

«Fellesnemnda skal ta hand om det førebunde arbeidet med økonomiplanen og med budsjettet for det første driftsåret etter at samanslåinga eller delinga som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b, er sett i verk. Nemnda skal i sin verkeperiode gi fråsegn til departementet om årsbudsjetta og økonomiplanen for dei kommunane eller fylkeskommunane saka gjeld.»

Slik fylkesrådmennene ser det må målet med ein slik felles uttale til departementet vere å sikre at partane har tilstrekkeleg innsikt i den økonomiske situasjonen til kvarandre og får høve til å kome med innspel på om det er disposisjonar som medfører unødvendig auka belastning på den framtidige

fellesøkonomien. Det kan også vere ein arena for å skape felles haldningar til nøktern økonomistyring hos begge parter, og å unngå at usemje lammar samanslåingsprosessen.

Fellesnemnda kan krevje statleg «lovlegheitskontroll» av eitt eller begge budsjettvedtaka, i tråd med kommunelova § 60, om denne saka skulle gje grunnlag for det.

1.1 Oppbygging av saksframstillinga

For å gje fellesnemnda eit bilete av dei to gjeldande budsjett/økonomiplanane legg saksframstillinga vekt på følgjande hovudpunkt:

- Kort historisk oppsummering av den økonomiske situasjonen i dei to fylka
- Budsjettert utvikling i sentrale nøkkeltal
- Ulike tilnærmingar og økonomiske utfordringar

1.2 Kort historisk oppsummering av økonomisk situasjonen i dei to fylka

På møte i fylkesøkonomisjefskollegiet 11.05.2017 gjorde KS ei vurdering av fylkeskommunane sitt økonomiske handlingsrom. Vurderinga tok utgangspunkt i rekneskapstal for 2016. Nøkkeltala gjeldsgrad, tilgjengelege disposisjonsfond og netto driftsresultat var her indikatorar.

Ei nærare konkretisering av nøkkeltala og utrekningane går fram av vedlegg 1 (KS sitt nemnde innlegg). KS oppsummerte sine funn i følgjande tabell:

Samlet vurdering av økonomisk handlefrihet

Sum nøkkeltall	FK	Samlet vurdering	Korr. netto lånegjeld			Disp.fond			Netto driftsres.		
			<60	60-90	>90	>10	5-10	<5	>5	3-5	<3
9	HOR	Begrenset	3			3			3		
3	SFJ	God	1			1			1		

Tabellen viser at Hordaland og Sogn og Fjordane ligg i kvar sin ende av KS sin skala; der Hordaland sin handlefriheit vert vurdert som «begrenset», medan Sogn og Fjordane sin er «god». Dette

bakteppet er det rimeleg å ta omsyn til ved vurdering av dei disposisjonane som er gjort i dei to budsjett/økonomiplanvedtaka som er tema i denne saka.

2. Budsjettert utvikling i sentrale nøkkeltal

Denne gjennomgangen tek utgangspunkt i Hordaland fylkeskommune (HFK) sitt oppsett for oppsummering i sentrale budsjettstorleikar og nøkkeltal ved inngangen (2018) og utgangen (2021) av planperioden, samanlikna med tilsvarende tal for Sogn og Fjordane fylkeskommune (SFJ). Absolutte tal i mill.kr.

SFJ		NØKKELTAL	HFK	
2018	2021		2018	2021
2,0 %	2,0 %	Netto driftsresultat	0,8 %	0,8 %
2 427	2 298	Frie inntekter	6 477	6 558
2 277	2 116	Netto driftsutgifter	5 586	5 530
458	1 784	Årlege investeringar	2 587	3 130
200	513	Lånefinansiering	931	986
2 293	3 336	Totalgjeld	10 830	11 770
69,2 %	99,0 %	Gjeldsgrad	113,6 %	113,3 %
48	87	Renteutgifter	234	275
85	104	Avdragsutgifter	575	750
5,5%	8,3%	Kapitalutgifter i % av frie inntekter	12,5%	15,6%

2.1 Netto driftsresultat

Netto driftsresultat er det mest sentrale nøkkeltalet i kommuneøkonomien, og viser kva som står att når alle drifts- og kapitalutgifter er dekkja. Teknisk berekningsutval tilrår at dette nøkkeltalet over tid bør ligge på om lag 4% for fylkeskommunane. Sogn og fjordane fylkeskommune låg i 2016- rekneskapen på 6,6%, medan HFK hadde 2,3%. I tabellen over ser vi at SF sitt budsjetterte netto driftsresultat ligg på 2% i planperioden, medan HFK ligg på i underkant av 0,8%. Målt i netto driftsresultat har SFJ ein mindre utfordrande økonomisk situasjon enn HFK. Men også SFJ reduserer sin handlefridom som følgje av mellom anna auka investeringstakt og gjennom det auka kapitalutgifter.

2.2 Frie inntekter

SFJ har hatt ein større reduksjon i sine frie inntekter som følgje av nytt inntektssystem frå 2015. Med bakgrunn i dette viser tabellen ein nedgang i frie inntekter (5%) i planperioden. For HFK er det lagt inn ein mindre realvekst i inntektsramma (1%) i perioden.

2.3 Netto driftsutgifter

Begge fylkeskommunane budsjetterer med ein nedgang i netto driftsutgifter i planperioden. Dette har dels samanheng med at ein større del av tilgjengelege inntekter må nyttast til kapitalutgifter, samt at SFJ budsjetterer med ein mindre nedgang i frie inntekter. Dette betyr i praksis at nettorammane til tenesteyting vert redusert tilsvarende.

2.4 Årlege investeringar

Årlege investeringar er høvesvis store i begge økonomiplanane. Investeringsvoluma må sjåast i lys av korleis dei vert finansierte, og kor mykje av investeringane som vert finansierte gjennom opptak av nye lån. Dei årlege investeringane må også vurderast i lys av den samla investeringstakta over tid, og såleis kor belastande den samla lånegjelda vert for driftsøkonomien.

2.5 Lånefinansiering

Både SFJ og HFK har stor grad av ekstern finansiering av investeringane. SFJ nyttar mellom anna fondskapital som følgje av salet av Fjord1, medan HFK har eit vesentleg innslag av bompengefinansiering og tilskot til byvekstavtale for Bergen - Miljøløftet. I tillegg kjem tilskot til rassikring og mva-kompensasjon frå staten, eksterne tilskot og eventuelt driftsmidlar frå eige driftsbudsjett. Restfinansieringa skjer i form av låneopptak.

Lånefinansieringsgraden i planperioden er størst i SFJ. Dette har samanheng med at SFJ over fleire år har hatt fokus på ekstraordinær nedbetaling av gjeld, samstundes som investeringstakta har vore på eit historisk lågt nivå. HFK har hatt ei jamt høg investeringstakt gjennom mange år.

Utviklinga over tid kjem best til uttrykk i indikatorane totalgjeld og gjeldsgrad (netto lånegjeld i % av driftsinntekter), og kapitalutgiftene er eit uttrykk for kor belastande denne gjelda er for den samla driftsøkonomien.

2.6 Totalgjeld – gjeldsgrad og kapitalutgifter

HFK budsjetterer med ei samla gjeld på om lag 11,8 mrd. kr ved utgangen av planperioden, tilsvarande for SFJ er 3,3 mrd.kr.

Gjeldsgraden viser forholdet mellom den samla gjelda og driftsinntektene i fylkeskommunen. Dette tilseier at gjeldsgraden nærmar seg 100% i SFJ, medan HFK har ei gjeldsgrad på 113%. Høg gjeldsgrad indikerer ein økonomisk balanse som er sårbar for endringar i rente- og inntektsnivå.

«Tommelfingerregelen» er at denne indikatoren ikkje bør overstige 60-70%.

I gjeldande dokument budsjetterer SFJ med kapitalutgifter på 8,3% av dei årlege frie inntektene i 2021. Tilsvarande tal for HFK er 15,6%.

3. Ulike tilnærmingar og økonomiske utfordringar

Begge planane har i seg økonomiske element som vil utfordre driftsøkonomien i seinare planperiodar. Gjennomgangen av dei økonomiske indikatorane i punkt 2 viser at det ligg fleire økonomiske utfordringar i dei gjeldande plandokumentane. I tillegg har dokumenta ulik tilnærming til ein del økonomiske tema/problemstillingar. Døme på dette kan vere:

- Økonomiske konsekvensar av vedtekne planar for åra etter 2021
 - Investeringar som går ut over planperioden og tilhøyrande kapitalkostnader gjev auka press på driftsrammene for seinare år.
 - Investeringar/auka driftskostnader som følgje av politiske målsetjingar.

Dette må fellesnemnda ha fokus på i arbeidet med budsjettet for 2020 og tilhøyrande økonomiplan.

4. Fylkesrådmennene si tilråding

Med bakgrunn i dette vert fellesnemnda rådd til å gjere følgjande vedtak:

Fellesnemnda konstaterer at:

- a) Vedtekne «Budsjett 2018/økonomiplan 2018-21» for høvesvis Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune er begge i tråd med god økonomiforvaltning.
- b) Begge planane har i seg økonomiske element som vil utfordre driftsøkonomien i seinare planperiodar. Desse utfordringane vil fellesnemnda ha fokus på i arbeidet med budsjettet for 2020 og tilhøyrande økonomiplan.

Vedtaket vert sendt Kommunal- og moderniseringsdepartementet som fellesnemnda si samla fråsegn om årsbudsjetta og økonomiplanen.



Fylkeskommunenes gjeldsbelastning og økonomisk handlingsrom til kollegiemøte 11.05.2017



Bakgrunn

- **AU-møte 7. desember 2016:** Fylkeskommunenes gjeldsbelastning og økonomisk handlingsrom ønskes belyst
- **KS undersøkelse 2016:** Økonomisk handlingsrom vurdert på grunnlag av
 - Korrigert netto lånegjeld
 - Netto driftsres. etter nto. avsetning til bundne driftsfond
 - Disposisjonsfond korrigert for årets mer-/mindreforbruk

<http://www.ks.no/fagomrader/okonomi/kommuneokonomi/gjelden-fortsatte-a-stige-i-kommunene-i-2015/>
- **Riksrevisjonens undersøkelse 2015:** Kommunenes gjeldsbelastning og økonomisk handlingsrom
 - Økende gjeldsnivå i kommunene
 - Bærekraftig gjeldsnivå? Vurdert i sammenheng med disposisjonsfond og netto driftsresultat

Nøkkeltall som er brukt

➤ Gjeldsgrad

- *Definisjon:* Sum langsiktig gjeld fratrukket pensjonsforpliktelser, utlån, ubrukte lånemidler og korrigert for ubundne investeringsfond og netto udekket i investeringsregnskapet

➤ Disposisjonsfond


- *Definisjon:* Disposisjonsfond korrigert for årets mer-/mindreforbruk i driftsregnskapet

➤ Netto driftsresultat

- *Definisjon:* Netto driftsresultat korrigert for bruk og avsetning (netto avsetning) til bundne driftsfond

Gjeldsgrad


Korrigert netto lånegjeld i prosent av driftsinnt. 2015 og 2016 (foreløpig)




Beregning av gjeldsgrad - eksempel

Tall for 2016 i mill. kroner	Landet u. Oslo	Østfold
Sum Langsiktig gjeld (E)	112 777	5 200
Trekkes fra:		
<i>Pensjonsforpliktelse</i>	54 735	3 268
<i>Utlån</i>	3 452	13
<i>Ubrukte lånemidler</i>	2 208	73
Netto lånegjeld	52 383	1 848
Trekkes fra:		
<i>ubundne investeringsfond</i>	1 102	50
<i>netto udekket i investeringsregnskapet</i>	-71	0
Korrigert netto lånegjeld	51 352	1 798
SUM DRIFTSINTEKTER (A)	75 632	3 827
Netto lånegjeld i pst av driftsinntekter	69,3	48,3
Korrigert netto lånegjeld i pst av driftsinntekter	67,9	47,0

Disposisjonsfond



Netto driftsresultat



Nøkkeltallene – inndeling i tre nivå

- Korrigert netto lånegjeld i pst av driftsinnt.
 1. Under 60 pst
 2. 60-90 pst
 3. Over 90 pst

- Disposisjonsfond korr. for mer-/mindreforbruk i pst av driftsinnt.
 1. Over 10 pst
 2. 5-10 pst
 3. Under 5 pst

- Korrigert netto driftsresultat i pst av driftsinnt.
 1. Over 5 pst
 2. 3-5 pst
 3. Under 3 pst

Samlet vurdering av økonomisk handlefrihet

Sum nøkkeltall	FK	Samlet vurdering	Korr. netto lånegjeld			Disp.fond			Netto driftsres.		
			<60	60-90	>90	>10	5-10	<5	>5	3-5	<3
4	ØFL	God	1			1				2	
4	AKH	God	1			1				2	
3	HED	God	1			1			1		
4	OPP	God	1			1				2	
6	BUS	Moderat		2			2			2	
5	VFL	Moderat		2		1				2	
4	TEL	God		2		1			1		
4	AAG	God		2		1			1		
4	VAG	God	1				2		1		
5	ROG	Moderat		2		1				2	
9	HOR	Begrenset			3			3			3
3	SFJ	God	1			1			1		
7	MØR	Moderat		2			2				3
6	STR	Moderat			3	1				2	
4	NTR	God		2		1			1		
5	NOR	Moderat	1				2			2	
6	TRO	Moderat	1					3		2	
8	FIN	Begrenset		2				3			3

Saksframlegg

Saksbehandlar: Ole Inge Gjerald, Fylkesrådmannen, Sogn og Fjordane
Saksbehandlar: Thorbjørn Aarethun, Fylkesrådmannen, Hordaland
Sak nr.: 2015/1434-590

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fellesnemnda	4/18	08.03.2018

Eingongskostnader for samanslåingsprosessen - budsjett

Fylkesrådmennene rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:

1. Fellesnemnda godkjenner forslag til budsjett for bruk av eingongskostnader for samanslåinga på 30 mill. kr slik det går fram av saksframlegget.
2. Fylkesrådmennene/prosjektlear får fullmakt til å disponere midlane i samsvar med budsjettet.
3. Fellesnemnda ber om at fylkesrådmennene/prosjektlear legg fram statusrapport for bruken av midlande ein gong kvart tertial.

Vedlegg:

SAKSFRAMSTILLING

Bakgrunn for saka

Stortinget har til saman løyvd 30 mill.kr til Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar for å dekke eingongskostnader ved samanslåing av dei to fylkeskommunane frå 1.1.2020.

Fylkesrådmennene foreslår i saka korleis desse midlane skal nyttast i perioden fram til samanslåinga.

Fellesnemnda har i møte 18. desember 2017, handsama sak om budsjett for eingongskostnader, og gjorde slikt vedtak:

- «1. Fellesnemnda har fullmakt til å disponere den samla ramma på 30 mill. kr for samanslåinga av Sogn og Fjordane og Hordaland, og legg følgjande prinsipp til grunn for bruken av midlane:
 - a) Innkjøp i samband med gjennomføring av «fellesmøte» (leige av møtelokale, servering m.m.), løn til prosjektlear, konsulenttenester og investeringar i nye styringssystem vert dekkja innanfor ramma på 30 mill. kr som fellesnemnda disponerer.

b) Reise- og diettkostnader vert dekkja innanfor dei ordinære fylkesbudsjetta.

c)Godtgjersle til folkevalde i samband med møte i fellesnemnda m.m. vert dekkja innanfor dei ordinære fylkesbudsjetta.

d) Frikjøp av tillitsvalde vert dekkja innanfor dei ordinære fylkesbudsjetta.

2. Fellesnemnda får seg førelagt ei eiga budsjettsak til første møtet i 2018. Fylkesrådmennene avklarar nærare faktiske kostnader knytt til samanslåinga i framlegget til budsjett.
3. Fylkesrådmennene får, fram til budsjettet er klart, fullmakt til å disponere fellesnemnda si ramme på 30 mill. kr. for å dekke påløpte kostnader i samsvar med omtalen av prinsipp for finansiering av eingongskostnader.
4. Det skal vurderast om tilskot til dei politiske partia skal aukast som følgje av naudsynte prosessar fram mot 2020.»

Med grunnlag i dette vedtaket føreslår fylkesrådmennene følgjande fordeling av summen på 30 mill. kr:

	2018	2019	Sum
Nytt fylkesvåpen	150	250	400
Rekruttering prosjektleiar/fylkesrådmann	300	0	300
Kurs, samlingar, møteverksemd (politisk)	400	500	900
Kommunikasjonstiltak	250	250	500
Konsulenttenester – særleg IKT-tenester	2500	4000	6500
Løn og sosiale kostnader – prosjektleiar	1000	2000	3000
IKT-system	3000	13000	16000
Politiske fellesaktivitetar/ev. partistøtte	650	1750	2400
Sum	8250	21750	30000

Fellesnemnda har i vedtaket i sak 8/17, lista opp kva prinsipp som skal nyttast for bruk av eingongskostnaden på 30 mill. kr og dette er lagt til grunn i budsjettforslaget ovanfor. Det må understrekast at budsjettpostane så langt er overslag. Etter kvart som samanslåingsarbeidet er kome lenger, vil ein få betre oversyn over kostnadene.

Midlane avsett innanfor posten politiske fellesaktivitetar/ev. partistøtte vil bli disponert nærare i samråd med leiaren i Fellesnemnda.

Særleg vil fylkesrådmennene peike på posten IKT-system, der det no er starta opp eit forprosjekt for å kartlegge framtidig behov for IKT-system, IKT-infrastruktur og digitalisering i den nye fylkeskommunen. Dette er eit område som fylkesrådmennene vil ha stor merksemd på for å sikre ein vellykka samanslåingsprosess, der finansiering av tiltak og løysingar må ha høg prioritet. Det er derfor i budsjettforslaget føreslått at over halvparten av ramma på 30 mill.kr. vert sett av til tiltak innanfor IKT-området.

Finansiering av tiltak og aktivitetar innanfor den samla ramma til eingongskostnader må ta omsyn til at midlane høvesvis ikkje i for stor grad vert tildelt ein av fylkeskommunane.

Fylkesrådmennene si tilråding

Fylkesrådmennene rår til at fellesnemnda godkjenner forslaget til budsjett for bruk av eingongskostnader for samanslåinga på 30 mill. kr., slik det går fram av saksframlegget. Fylkesrådmennene/prosjektleiar får fullmakt til å disponere midlane i samsvar med budsjettet.

Fylkesrådmennene rår til at fellesnemnda får seg førelagt ein statusrapport for bruken av midlande ein gong kvart tertial.

Saksframlegg

Saksbehandlar: Thorbjørn Aarethun, Fylkesrådmannen, Hordaland
Saksbehandlar: Ole Inge Gjerald, Fylkesrådmannen, Sogn og Fjordane
Sak nr.: 2015/1434-583

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fellesnemnda	5/18	08.03.2018

Kommunikasjonsplan for samanslåingsprosessen

Fylkesrådmennene rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:

1. Fellesnemnda viser til pkt. 13 i sitt reglement, og ser på involvering av tilsette, innbyggjarar, kommunar m.m. som ein kritisk faktor for å lukkast i samanslåingsarbeidet med etablering av den nye fylkeskommunen.
2. Fellesnemnda vedtek framlagde kommunikasjonsplan som grunnlag for tiltak som sikrar god og tilstrekkeleg kommunikasjon med interne og eksterne aktørar i samanslåingsprosessen.
3. Kommunikasjonsplanen gjev eit rammeverk for kommunikasjonsarbeidet fram mot 2020. Det vil med utgangspunkt i planen bli utarbeidd operative tiltaksplanar knytt til milepælar og fasar i samanslåingsarbeidet.

Vedlegg:

1. Kommunikasjonsplan for samanslåingsprosessen.
2. Fellesnemnda sitt reglement, vedteke i begge fylkestinga 27.10.2017.

SAKSFRAMSTILLING

Bakgrunn for saka

I punkt 13 i reglementet til fellesnemnda er det nedfelt at fellesnemnda får ansvar for informasjonsarbeid og involvering av kommunane og innbyggjarane i arbeidet med å etablere den nye fylkeskommunen.

Fylkesrådmennene legg med dette fram ein kommunikasjonsplan som vil ivareta informasjonsarbeidet både mot dei tilsette i fylkesadministrasjonane, innbyggjarane og kommunane i dei to fylka.

Kort om kommunikasjonsplanen

Samanslåinga av fylkeskommunane Sogn og Fjordane og Hordaland er ei stor omstilling for dei tilsette i dagens to fylkeskommunar og for innbyggjarane i fylka. Open og samkøyrd kommunikasjon er avgjerande for å lukkast med omstillinga og for å sikre tilstrekkeleg informasjon til interne og eksterne aktørar.

Kommunikasjonsplanen omhandlar og avgrensar seg til kommunikasjonsarbeidet i samanslåingsprosessen frå januar 2018 fram til samanslåinga 1. januar 2020.

Planen er eit viktig verktøy for å gje ei tydeleg og sams retning på kommunikasjonsarbeidet i samanslåingsprosessen. Det er gjort strategiske vurderingar på fleire kommunikasjonsfaglege områder:

- Målgrupper
- Kommunikasjonsmål
- Kommunikasjonsprinsipp
- Kanalar
- Ansvar for kommunikasjon
- Tiltaksplanar
- Grafisk profil

Det vert vist til vedlagte kommunikasjonsplan for ytterlegare omtale og informasjon.

Framdrift og implementering

For å unngå forseinkingar og raskast mogleg få etablert kommunikasjonskanalar er det gjort førebuande arbeid for oppsett av midlertidig nettside. For design og teknisk oppsett av ei slik nettside må det nyttast ekstern leverandør. Det vert og arbeidd med å få på plass innhaldet som skal publiserast ved lansering av nettsida. Som etablering av den første kommunikasjonskanalen, vil den midlertidige nettstaden kunne «gå på lufta» om lag i midten av april i år.

Fylkesrådmennene si tilråding

Fylkesrådmennene ser på det å sikre tilsette og eksterne aktørar tilstrekkeleg informasjon som ein kritisk faktor å skape ro og lukkast med samanslåingsarbeidet og etablering av den nye fylkeskommunen.

Kommunikasjonsplanen gir eit godt oversyn over strategiske vurderingar og moglege tiltak i samanslåingsprosessen. Fylkesrådmennene tilrår at fellesnemnda vedtek planen som felles rammeverk for kommunikasjonsarbeidet for etablering av den nye fylkeskommunen fram mot 1.1.2020.



Regionreform 2018-2020

Kommunikasjonsplan

1. Innleiing

Sammenslåinga til eit nytt storfylket på Vestlandet er ei stor omstilling for dei tilsette i dagens to fylkeskommunar og for innbyggjarane i fylka. Open og samkøyrd kommunikasjon er avgjerande for å lukkast med omstillinga og for å nå interne og eksterne mål.

Samanslåinga gjev ein større og meir kompleks organisasjon både fagleg, geografisk og kulturelt. Det kan få konsekvensar for dei tilsette. Strategiske satsingar blir realiserte gjennom samhandling på tvers av etablerte linjer. Alt dette gjev eit auka kommunikasjonsbehov både internt og eksternt.

Kommunikasjonsplanen omhandlar og avgrensar seg til kommunikasjonsarbeidet i samanslåingsprosessen frå januar 2018 fram til samanslåinga 1. januar 2020. Planen etablerer mellom anna tydelege mål og kommunikasjonsprinsipp. Han skal gje ei tydeleg og sams


retning på kommunikasjonsarbeidet i dei to fylka og er eit viktig strategisk verktøy. Verdiane i dei to fylka og dei etablerte husreglane for samanslåinga gir føringar for prinsippa.

Vidare vil planen gje oversyn over prioriterte målgrupper, sette tydelege kommunikasjonsmål og peike ut hovudkanalane for kommunikasjon i den avgrensa perioden. Operative tiltaksplanar blir laga fortløpande etter behov.

Føringar for arbeidet er kommunelova § 4, som seier at fylkeskommunane skal drive "aktiv informasjon om sin virksomhet" og "legge forholdene best mulig til rette for offentlig innsyn". Vidare krev offentleglova at vi legg til rette for innsyn i offentlege dokument, og meiroffentlegheitsprinsippet er også førande for å jobbe for openheit i prosessen.

2. Målgrupper

Vi må vite kven målgruppene våre er for å nå fram med informasjon. Då kan vi kommunisere tilpassa og effektivt.



3. Kommunikasjonsmål

Vi set tydelege mål og jobbar strategisk. Hovudmålet er samkøyrd og open kommunikasjon.

Interne kommunikasjonsmål

Kommunikasjonen skal

- skape tryggleik, tillit og forståing i prosessen
- vere aktiv, tydeleg og regelmessig
- bidra til engasjement rundt det å bygge ein ny, felles kultur og eit nytt arbeidsfellesskap
- vere tilgjengeleg og gjere det enkelt for tilsette å finne relevant informasjon
- bidra til skape involvering og dialog

Eksterne kommunikasjonsmål

Kommunikasjonen skal

- skape engasjement om den nye regionen, dei nye oppgåvene og det nye folkevalde nivået
- synleggjere kva oppgåver og tenester det nye fylket har som samfunnsaktør
- vere aktiv og tilgjengeleg for målgruppene
- legge grunnlaget for å bygge ein ny identitet i storfylket

4. Kommunikasjonsprinsipp

For å nå måla og målgruppene, følgjer vi kommunikasjonsprinsipp som syter for aktiv, samordna og brukarvenleg kommunikasjon. Vi legg til rette for dialog, og for at leiarane skal vere gode på kommunikasjon – både internt og eksternt.

Kommunikasjonsprinsipp i samanslåingsprosessen

- Kommunikasjonen skal vere aktiv mot alle målgrupper og dekke milepælar og utvikling i prosessen.
- Vi skal ha samordna kommunikasjon i kanalane vi nyttar for å nå målgruppene.
- Kommunikasjonen skal vere lett tilgjengeleg, skape engasjement og vere tydeleg med eit klart språk.
- Vi legg til rette for dialog, lyttar og svarar raskt.
- Vi skal bruke linja og ha leiarar som er synlege, til stades, godt informerte, og som tek med seg innspel frå tilsette vidare.

5. Kanalar

Kommunikasjon må skje i fleire kanalar, for at vi skal nå fram med naudsynt informasjon til ulike målgrupper.

Som hovudprinsipp skal dei nye, sams kanalane nyttast fram til 2020. Kommunikasjon om samanslåingsprosessen skal vere samordna mellom dei to fylka. I tillegg nyttar vi dei eksisterande, lokale kanalane fram til 1.1.2020.

Lokale kanalar




HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Lokale kanalar



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE



Eksternt

• Nettstad:

Vi etablerer ein førebels felles nettstad så snart som råd i 2018: www.vlfk.no

Nettstaden skal innehalde all vesentleg informasjon om samanslåingsprosessen, t.d. bakgrunn, politiske prosessar, milepælar og nyhende om framdrift. Også interne målgrupper kan nytte nettstaden for enkelt å få informasjon om samanslåingsprosessen.

• Sosiale medium:

På Facebook og Twitter (og Instagram for Hordaland) har fylka i dag etablerte kanalar med mange brukarar der vi når fleire av målgruppene, med moglegheit for video og dialog. Det er hensiktsmessig å bygge opp sosiale medium-kanalar for det nye fylket når vi nærmar oss samanslåinga.

• Pressekonferanse:

Vi vurderer større sams pressekonferansar ved viktige milepælar og nyhende.

Internt

• Nyhendebrev:

Vi etablerer eit felles nyhendebrev, som skal utformast i tett samarbeid med prosjektleiinga. Det vil innehalde vesentleg informasjon om milepælar, prosjektaktivitetar, framdrift, deltakarar i delprosjekta og anna. Nyhendebrevet vert sendt som e-post til kvar enkelt tilsett.

• Samkøyrde allmøte:

Prosjektleiar vurderer felles allmøte som kanal ny den nye organisasjonen tek form.

6. Ansvar for kommunikasjon

Ansvaret for kommunikasjon følger linja. Det betyr at politikarar, leiarar og tillitsvalde har eit generelt kommunikasjonsansvar, særleg innan ansvarsområdet sitt. Tilsette har eit eige ansvar for å halde seg informert. Alle skal bidra til at kommunikasjonsprinsippa vert følgde for å nå dei kommunikasjonsmåla som er sette.

Særleg kommunikasjonsansvar

Fellesnemnda har ei viktig rolle ved å utøve politisk kommunikasjon og dialog med innbyggjarar, media og andre målgrupper. Den politiske leiinga av fellesnemnda har ansvar for å uttale seg om politiske saker og vedtak. Fellesnemnda vedtek kommunikasjonsplanen.

Prosjektleiari har ansvar for å koordinere kommunikasjonen frå delprosjekt og bidra til god informasjon om status og framdrift i arbeidet. Prosjektleiaren uttalar seg i samråd med politisk leiing om det administrative arbeidet med å skape den nye fylkeskommunen, delprosjekta, framdrift og prosess.

Fylkesrådmennene har eit overordna ansvar for kommunikasjon i eigen organisasjon. Dei skal halde leiarar og tilsette regelmessig oppdaterte om prosessen og leggje til rette for dialog og medverknad. Fylkesrådmennene uttalar seg på vegner av eigen fylkeskommune og som administrative leiarar.

Leiarar har gjennom det ordinære linjeprinsippet ansvar for å informere og å invitere til dialog om spørsmål frå tilsette. Dei skal også bringe problemstillingar raskt oppover i linja i eigen organisasjon.

Tilsette har eit eige ansvar for å halde seg oppdaterte og søke informasjon om prosessen.

Leiarar for delprosjektgrupper og arbeidsgrupper har ansvar for god informasjonsflyt om status og framdrift i prosjektet til prosjektleiinga og andre relevante, interne målgrupper. Dei skal kontakte kommunikasjonseiningane der det er behov for intern eller ekstern kommunikasjonsfagleg bistand frå delprosjektet.

Tilsettepresentantar, tillitsvalde og verneombod har eit medansvar for å bidra til god kommunikasjon med dei tilsette. Dei skal løfte fram innspel frå tilsette og utfordringar til politisk og administrativ leiing.

Kommunikasjonsavdelingane har eit operativt ansvar for den løpande kommunikasjonen i ulike kanalar og skal gi kommunikasjonsfagleg bistand. Kommunikasjonsavdelingane skal syte for samordna kommunikasjon i dei ulike kanalane. Til å utføre arbeidet nyttar kommunikasjonsavdelingane breidda i den kommunikasjonsfaglege kompetansen.

7. Tiltaksplanar

Vi følgjer opp kommunikasjonsplanen med operative planar knytte til milepælar og fasar i prosjektet.

Tiltaksplanane vil skildre detaljerte verkemiddel og korleis vi vil jobbe strategisk for å nå måla. Til dømes vil vi lage ein eigen plan knytt til nytt fylkesvåpen.

8. Grafisk profil

For å kommunisere heilskapleg og vise to likeverdige fylkeskommunar som samla er på veg mot eit nytt storfylke på Vestlandet, har vi eit felles visuelt uttrykk med logo, skrifttypar, symbol og fargar.

Bruk av førebels grafisk profil

Vi nyttar den førebelse grafiske profilen i all kommunikasjon som gjeld samanslåinga. Han skal nyttast på dokument, felles nettstad, sosiale medium, presentasjonar og anna. Den førebelse grafiske profilen gjeld fram til 1. januar 2020.

Logo

Den førebelse logoen er dei to fylkesvåpena. Dei står i alfabetisk rekkefølge, eit prinsipp som er vanleg å nytte når likeverdige partar står samla. For Sogn og Fjordane og Hordaland er det også meir likevekt i det visuelle uttrykket når dei står alfabetisk.

Dei to fylka har fylkesvåpen med fargar som står i sterk kontrast til kvarandre. Det er difor også utforma logoar i gråtonar, noko som gjev meir balanse i uttrykket.



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Skrifttype

Vi har valt standard skrifttypar:

Font: Arial

ABCDEFGHIJKLMNOPQRSTUVWXYZÆØÅ
abcdefghijklmnopqrstuvwxyzæøå
1234567890

Nettfontar:

Overskriftar/ingress: Roboto (Google-font)

ABCDEFGHIJKLMNOPQRSTUVWXYZÆØÅ
abcdefghijklmnopqrstuvwxyzæøå
1234567890


Brødtekst: Lato (Google-font)

ABCDEFGHIJKLMNOPQRSTUVWXYZÆØÅ
abcdefghijklmnopqrstuvwxyzæøå
1234567890

Fargar

Både Hordaland og Sogn og Fjordane har grått i dei grafiske profilane sine. Vi har difor valt grått som ein berande farge i den førebelse profilen. Vi nyttar ein rein, grå farge, i tillegg til nokre andre fargar.

Hovudfarge



Kontrastfargar



Symbol

Vi har valt ein grafisk illustrasjon som karakteriserer landskapet i det nye storfylket:

Grafisk element:



Skisse ny sams nettsted

Forside:

The screenshot shows the homepage of the new county website. At the top, there are logos for Hordaland Fylkeskommune and Sogn og Fjordane Fylkeskommune, along with navigation links for 'Forside' and 'Kontakt', and a search bar. The main heading is 'Det nye storfylket i vest' with the subtitle 'Alt om samanslåinga av Hordaland og Sogn og Fjordane'. Below this is a horizontal menu with links for 'Fellesnemnda', 'Leing', 'Kalender', 'Lentiasp', 'Vitae', and 'Ebis'. The main content area features three articles: 1. 'Inviterer innbyggjarar til å vere med å utforme nytt fylkesvåpen' (Invites citizens to help design the new county coat of arms), 2. 'Skal lyse ut stillinga som prosjektleiar/fylkesrådmann' (Will announce the position of project manager/county councilor), and 3. 'Politisk organisering av ny fylkeskommune' (Political organization of the new county municipality). Each article includes a small image and a brief summary.

Underside:

The screenshot shows the footer section of the website. It features the same logos and navigation links as the homepage. Below the navigation is a large block of placeholder text in Latin, starting with 'Sunt faccum faccus. Ceptae.' and ending with 'sed do eiusmod tempor incididunt ut labore et dolore magna aliqua'. The footer also includes a decorative image of a landscape with mountains and water at the bottom.

HUSREGLAR

- **Vi blir betre saman enn kvar for oss.**
Vi er alle likeverdige partar og møter kvarandre med respekt.
- **Vi finn dei beste løysingane i lag.**
Vi har takhøgde og integritet i prosessane og er lojale til avgjerdene.
- **Vi lyttar og deler med kvarandre.**
Slik skal vi nytte den einskilde sin verdifulle kompetanse, innsikt og erfaring.
- **Vi er offensive, vågar og tillèt feil.**
Slik skal vi skape noko nytt og utvikle oss saman.
- **Vi snakkar med – ikkje om.**
Slik sikrar vi dialog som er ærleg, direkte, open og vennleg.





SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

SOGN OG FJORDANE
KOMMUNE



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE



HO
FYL



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE



HORDALAND
FYLKESKOMMUN

DALAND
ESKOMMUNE



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE



S
F



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

SOGN OG FJORDANE
KOMMUNE



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE



HO
FYL



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE



HORDALAND
FYLKESKOMMUN



REGLEMENT FOR FELLESNEMNDA

FELLESNEMND FOR SAMANSLÅING AV SOGN OG FJORDANE
OG HORDALAND FYLKESKOMMUNAR FRÅ 01.01.2020

REGLEMENT VEDTEKE 27.10.2017

Reglement for fellesnemnda, vedteke 27.10.2017

Reglementet for fellesnemnda for samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar vart vedteke i fylkestinga i Sogn og Fjordane og Hordaland i Gulen kommune 27.10.2017.

Reglementet har følgjande 21 paragrafar:

1. Fellesnemnda vert samansett av dagens to fylkesutval, med til saman 24 medlemmer: 15 frå fylkesutvalet i Hordaland og 9 frå fylkesutvalet i Sogn og Fjordane.

Nemnda får leiar frå Hordaland og nestleiar frå Sogn og Fjordane.
2. Fellesnemnda konstituerer seg sjølv og vel sjølv leiar og nestleiar. Dei to fylkesrådmennene (Sogn og Fjordane og Hordaland) utgjer eit felles sekretariat for fellesnemnda inntil nemnda finn det tenleg at framtidig administrasjonssjef overtek denne funksjonen.
3. Fellesnemnda sin funksjonsperiode går fram til nytt fylkesting vert konstituert.
4. Fellesnemnda skal primært planleggje og førebu iverksetting av samanslåinga fram til konstituering av nytt felles fylkesting. Det er dei to fylkestinga som er ansvarlege for verksemda i dei to fylkeskommunane fram til samanslåingstidspunktet 01.01.2020.
5. Fellesnemnda bør utarbeide ein prosjekt- og framdriftsplan for det førebuande arbeidet, inkl. budsjett for samanslåingsprosessen.
6. Fellesnemnda kan opprette eit eige arbeidsutval (FAU), som får fullmakt til å gjere vedtak i einskildsaker eller i saker som ikkje er av prinsipiell karakter. Nemnda må i så fall vedta eit eige reglement for arbeidsutvalet.
7. Fellesnemnda fastset modell for politisk og administrativ organisering i den nye fylkeskommunen innanfor rammenes om er fastlagde i intensjonsplanen av 17.01.17. Nemnde modell bør likevel kunne vurderast dersom det skjer vesentlege endringar i fylkeskommunane sine oppgåver.
8. Fellesnemnda får ansvaret for det førebuande arbeidet med budsjettet for det første driftsåret etter at samanslåinga er sett i verk (2020), samt for tilsvarande arbeid med økonomiplan for perioden 2020–23.
9. Fellesnemnda gjev uttale til Kommunal- og moderniseringsdepartementet om dei vedtekne årsbudsjetta for 2018 og 2019 for dei to fylkeskommunane.
10. Fellesnemnda kan inngå avtalar på vegne av den nye fylkeskommunen, i den grad slike avtalar må inngåast før fylkestinget er konstituert.

Dersom det er aktuelt for fellesnemnda å delegere slikt mynde vidare til fylkesrådmennene, har fellesnemnda høve til å gjere dette.

11. Fellesnemnda får fullmakt til overføring av personell til den nye fylkeskommunen, og har ansvar for eit informasjons- og drøftingsopplegg med dei tillitsvalde gjennom samanslåingsprosessen.
12. Fellesnemnda kan delegere fullmakt til fylkesrådmennene i tråd med kommunelova sine reglar innanfor økonomi- og personalforvaltning m.m.
13. Fellesnemnda får ansvar for informasjonsarbeid og involvering av kommunane og innbyggjarane i arbeidet med å etablere den nye fylkeskommunen.
14. Fellesnemnda får mynde til å tilsetje administrasjonssjef, samt velje sekretariatsordning for kontrollutvalet, revisjonsordning og revisor.
15. Fellesnemnda får i oppgåve å føreslå eit nytt fylkesvåpen som kan vere eit samlande symbol for dei to noverande vestlandsfylka. Fellesnemnda må i dette arbeidet avklare den vidare prosessen for eit endeleg vedtak knytt til nytt fylkesvåpen.
16. Dersom enkelte saker som vedkjem samanslåingsprosessen er av ein slik karakter at dei må handsamast særskilt i eitt eller begge fylkestinga, har fellesnemnda innstillingsrett i saka.
17. Fellesnemnda får i oppgåve å opprette eit partssamansett utval, underlagt fellesnemnda, til arbeidet med å etablere den nye fylkeskommunen. Fellesnemnda fastset mandat for det partssamansette utvalet.

Utvalet skal m.a. utforme ein omstillingsavtale som rammeverk for dei tilsette i denne samanslåingsprosessen, med heimel i arbeidsmiljølova og hovudavtalen.

18. Eingongskostnaden ved fylkessamanslåinga vert dekkja ved at kvart fylke som inngår i samanslåinga får utbetalt 15 mill.kr. Fellesnemnda får fullmakt til å disponere den samla ramma på 30 mill.kr som støtte til eingongskostnader i det førebunde arbeidet og gjennomføringa av fylkessamanslåinga, jf. punkt 5 over.

Eventuelle behov utover denne ramma må løyvast av dei to fylkestinga når det føreligg eit nærare avklara budsjett for arbeidet.

Rekneskapsfunksjonen for fellesnemnda vert lagt til Hordaland fylkeskommune.

19. Fylkesrådmennene og ny administrasjonssjef har møte- og talerett i fellesnemnda, og innstiller i saker som vert lagt fram for nemnda.
20. Medlemer i fellesnemnda og andre politiske utval under fellesnemnda skal godtgjerast i samsvar med gjeldande reglement i dei respektive fylkeskommunar.
21. Sakshandsamingsreglane i kommunelova gjeld tilsvarande for alt arbeid i fellesnemnda.

Saksframlegg

Saksbehandlar: Thorbjørn Aarethun, Fylkesrådmannen, Hordaland
Saksbehandlar: Ole Inge Gjerald, Fylkesrådmannen, Sogn og Fjordane
Sak nr.: 2015/1434-586

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fellesnemnda	6/18	08.03.2018

Tannhelsetenesta – administrativ organisering og leing

Fylkesrådmennene rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:

1. Tannhelsetenesta i Vestland fylkeskommune blir leia frå Bergen.
2. På same måte som innanfor andre fylkeskommunale sektorar og tenesteområde, skal ein innanfor tannhelsetenesta leggje opp til ei desentralisert arbeidsdeling innan tannhelseadministrasjonen.
3. Tannhelsetenesta i Vestland fylkeskommune skal vere eit framtidretta tenesteområde av best mogleg fagleg kvalitet til beste for pasientane. Nærleiken til klinikkleiarane og den desentraliserte klinikkstrukturen tilseier at det må vere kompetansearbeidsplassar både i Hordaland og Sogn og Fjordane knytt til leing og administrasjon også etter 01.01.2020 for å ivareta eit best mogleg tenestetilbod.

Vedlegg:

SAKSFRAMSTILLING

Bakgrunn for saka

I Meld. St. 26 (2014-2015) «Fremtidens primærhelsetjeneste – nærhet og helhet», gjorde regjeringa i mars 2015 framlegg om at ansvaret for den offentlege tannhelsetenesta i framtida skulle leggjast til kommunane. Føremålet med stortingsmeldinga var å danne grunnlaget for korleis den kommunale helse- og omsorgstenesta samla skulle utviklast for å møte framtidens utfordringar.

Meldinga slo fast at den fylkeskommunale tannhelsetenesta har høg kompetanse innan ernæring, førebygging og folkehelsearbeid. Synergieffektar ved organisatorisk integrering med det kommunale arbeidet innan helsefremjande og førebyggjande arbeid, samt nærleikssynet, vart halde fram som grunnlag for ei sterkare kommunal forankring for allmenntannhelsetilbodet. Med tannhelsetenesta som ei usikker framtidig fylkeskommunal oppgåve, vart ikkje tenesteområdet teikna inn som ein del av den overordna politiske og administrative organiseringa i intensjonsplanen for samanslåingsprosessen.

Under pkt. 4.1 i intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland står det følgjande:

Fellesnemnda får i oppgåve å fremje forslag til den endelege politiske organiseringa innanfor desse rammene, herunder kontrollutval og administrasjonsutval. I denne vurderinga skal også tannhelsetenesta og alle nye oppgåver til det regionale folkevalde nivået vurderast/innplasserast.

Stortinget gjekk 8. juni 2017 imot framlegget om å overføre den offentlege tannhelsetenesta til kommunane, og slo dermed fast at tannhelsetenesta framleis skal vere eit fylkeskommunalt ansvar.

Innanfor rammene av intensjonsplanen har fylkesrådmennene fullmakt av fellesnemnda til å fastsetje den endelege administrative organiseringa for den nye fylkeskommunen. Fylkesrådmennene legg til grunn at fullmakta ikkje omfattar val av hovudsete for administrativ leiing av tannhelsetenesta, slik dette er fastlagt for dei andre fylkeskommunale sektorområda gjennom intensjonsplanen. Fylkesrådmennene ønskjer gjennom denne saka å leggje på plass den overordna leiinga innanfor tannhelseområdet for den nye fylkeskommunen, og føreslår at fylkesdirektøren for tannhelsetenesta får hovudsete i Bergen.

Fylkesrådmennene var i utgangspunktet innstilte på at tannhelseområdet burde handsamast i samanheng med at nye fylkeskommunale oppgåver skulle innarbeidast i den politiske og administrative hovud strukturen framover våren og sommaren 2018. Når det regjeringsoppnemnde ekspertutvalet si innstilling no får ein høyringsperiode på 3 månader, ser fylkesrådmennene at Stortinget sine endelege avklaringar knytt til overføring av nye oppgåver vil trekkje ut i tid. Dette tilseier at innplassering av toppleiinga innanfor tenesteområdet, som vi no veit skal liggje til fylkeskommunane også for framtida, bør leggjast på plass organisatorisk.

Den offentlege tannhelsetenesta

Det offentlege tannhelsetilbodet er regulert i Lov om tannhelseteneste. § 1-1 slår fast at:

... fylkeskommunen har ansvar for Den offentlige tannhelsetjenesten, og at fylkeskommunen skal sørge for at tannhelsetjenester, herunder spesialisttjenester, i rimelig grad er tilgjengelige for alle som bor eller midlertidig oppholder seg i fylket.

§ 1-3 definerer omfanget og kven som har rett til eit fylkeskommunalt tannhelsetilbod på følgjande måte:

Den offentlige tannhelsetjenesten skal organisere forebyggende tiltak for hele befolkningen. Den skal gi et regelmessig og oppsøkende tilbud til:

- a. Barn og ungdom fra fødsel til og med det året de fyller 18 år.*
- b. Psykisk utviklingshemmede i og utenfor institusjon.*
- c. Grupper av eldre, langtidssyke og uføre i institusjon og hjemmesykepleie.*
- d. Ungdom som fyller 19 eller 20 år i behandlingsåret.*
- e. Andre grupper som fylkeskommunen har vedtatt å prioritere.*

Forebyggende tiltak prioriteres foran behandling.

I tillegg til de prioriterte oppgavene kan Den offentlige tannhelsetjenesten yte tjenester til voksne pasienter mot betaling etter fylkeskommunens bestemmelser.

Med grunnlag i kven som har rett til eit fylkeskommunalt tannhelsetilbod, har om lag 30% av innbygarane krav på gratis tannhelseteneste. I både Sogn og Fjordane og i Hordaland vert det også gjeve eit tannhelsetilbod til vaksne betalande pasientar i den grad ein har kapasitet til dette. Tilbodet til betalande pasientar er størst i kommunar utan private tannhelsetilbod.

Tannhelsetenesta i Hordaland

Tannhelsetenesta i Hordaland har 400 tilsette fordelt på om lag 340 årsverk. Det er 45 offentlege tannklinikkar i fylket. Den største klinikken er Årstad tannklinik med 14 behandlingsrom og 30 tilsette. Tenesta er samla sett organisert i 6 tannhelsedistrikt. Kvart distrikt er leia av ein overtannlege. Fem av

distrikta gjev eit allmenntannhelsetilbod til dei prioriterte pasientgruppene, medan det sjette distriktet er tannhelsetenesta sitt kompetansesenter (Tk) Vest/Hordaland.

TkVest/Hordaland er eitt av seks regionale odontologiske kompetansesentra i Noreg. TkVest/Hordaland er eigd og drive av Hordaland fylkeskommune, og lokalisert i det nye odontologibygget på Årstadvollen i Bergen. Per februar 2018 er det totalt 65 tilsette på TkVest/Hordaland. Deler av drifta er statleg finansiert ved årlege søknader til, og tildelingar frå, Helsedirektoratet.

Dei regionale odontologiske kompetansesentra er oppretta etter vedtak i Stortinget. Kompetansesentra har følgjande hovudoppgåver/funksjonar:

- Tilbod om spesialistbehandling – både offentleg og privat tannhelseteneste kan tilvise pasientar.
- Fagleg rådgjeving og rettleiing mot både offentleg og privat tannhelseteneste.
- Forsking – ansvar for klinisk, praksisnær forsking.
- Medverknad i utdanninga av nye spesialistar.

TkVest/Hordaland har òg ein landsdekkande funksjon for å gje eit spesialisttilbod til born og unge som er fødde med leppe-, kjeve-, og ganespalte. Det er også oppretta ei eiga forskingsavdeling som driv fleire prosjekt med klinisk, praksisnær forsking. Tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane og tannhelsetenesta i Hordaland har ein samarbeidsavtale om at pasientar frå Sogn og Fjordane som treng spesialistbehandling vert tilviste til TkVest/Hordaland.

Det fylkeskommunale kompetansesenteret samarbeider tett med Universitetet i Bergen (UiB) – institutt for klinisk odontologi (IKO). Det er inngått ein eigen avtale mellom UiB og Hordaland fylkeskommune som regulerer samarbeidet. IKO si hovudoppgåve er grunnutdanning av tannlegar (48 studentar kvart år) og tannpleiarar (31 studentar kvart år). Som døme på samarbeidet får 3000 born og unge sitt tannhelsetilbod på Institutt for klinisk odontologi («odontologen»), slik at studentane får røynsle med desse pasientgruppene.

Klinikkstrukturplanen for tannhelsetenesta i Hordaland vart vedteken av fylkestinget i mars 2018. Planen gjeld tidsromet 2016-30. Tendensen er at tannklinikane blir færre og større. Tannhelsetenesta i Hordaland har i dag 45 klinikkar, medan det i 2030 skal vere snaue 30 (i 1984 når fylkeskommunen overtok ansvaret for tannhelsetenesta var det 150 offentlege tannklinikkar i Hordaland).

Grunntanken bak klinikkstrukturplanen er at tannhelsetenesta i åra framover skal gje eit stabilt tannhelsetilbod av høg fagleg kvalitet. Eit vilkår for å få dette til er å sikre god rekruttering av tannhelsepersonell, og også sikre at dei tilsette blir stabile i stillingane. Nyutdanna tannlegar vil i større grad arbeide i større fagmiljø enn på små ein-teamsklinikkar. Større klinikkar gjev også eit betre tilbod til innbyggjarane fordi dei kan haldast opne både i feriar og ved sjukefråvære og permisjonar.

Tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane

Tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane har per i dag om lag 125 tilsette fordelte på om lag 100 årsverk. Det er ei sentral administrativ eining knytt til direktøren for tannhelsetenesta og 18 tannklinikkar og 3 ambuleringsklinikkar. Sogn og Fjordane fylkeskommune er ikkje heilt i mål med sin vedtekne reduksjon av klinikkar der ein skal ned på 18 tannklinikkar totalt, og dette skuldast m.a. enkelte utfordringar med husleigeavtalar og oppbygging av nye klinikkeiningar.

Strukturplanen for tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane vart vedteken i fylkestinget i desember 2016, gjennom saka «Tannhelsetenesta - ein framtidsretta klinikk- og tenestestruktur». Vedtaket inneber ein reduksjon i tal klinikkar frå 26 til 18. Status i omorganiseringsarbeidet i Sogn og Fjordane er slik:

- Tannklinikken i Dale vert nedlagd: ny klinikk i Askvoll er under bygging.
- Tannklinikken i Sande vert nedlagd: ny klinikk i Førde er under planlegging.

- Tannklinikken i Balestrand vert nedlagd: utviding av klinikken i Høyanger er under arbeid.
- I tillegg gjenstår oppgraderinga av tannklinikkane i Stryn og Florø.

I omorganiseringsarbeidet har tannhelsetenesta dialog med kommunane for å sikre gode tilbod til pasientane i alle grupper. Dei kommunane som har teke imot tilbodet, har fått tannlegestolar til plassering i kommunale lokale, fortrinnsvis på sjukeheimane.

Tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane har saman med Nav og Opplæringsavdelinga teke initiativ til å starte utdanning for tannhelsesekretærar ved Firda vidaregåande skule. Utdanninga starta hausten 2017 og alle elevane har praksisplass ved dei offentlege tannklinikkane i fylket. Tenesta har samarbeid med Høgskulen på Vestlandet der ein underviser i oral helse alle tre studieåra på sjukepleiarstudiet. Dette meiner fylkesrådmennene gjev god kunnskap om oral helse til komande sjukepleiarar, noko som er viktig då stadig fleire eldre har eigne tenner som må takast godt vare på.

Sogn og Fjordane har tilbod til pasientar som har behov for tilrettelagt tannbehandlingstilbod på grunn av tortur, overgrep eller odontofobi (TOO). I dag er det etablert eit TOO-team i Florø, og ein ønskjer i løpet av året å få etablert enda eit team i Sogn. Teamet i Florø er statleg finansiert ved årlege søknader til, og tildelingar frå, Helsedirektoratet.

Fylkesrådmennene si tilråding

Fylkesrådmennene legg vekt på at dagens to leingar er samde om at det fagleg og praktisk sett vil vere føremålstenleg at tannhelsetenesta blir leia frå Bergen. På same måte som innanfor andre fylkeskommunale sektorar og tenestoområde, skal ein innanfor tannhelsetenesta leggje opp til ei desentralisert arbeidsdeling i tannhelseadministrasjonen. Nærleiken til klinikkleiarane og den desentraliserte klinikkstrukturen tilseier at det må vere kompetansesarbeidsplassar både i Hordaland og Sogn og Fjordane knytt til leing og administrasjon.

PS 7/18 Referatsaker (skriv og meldingar)